

Årbok

FOR SYKKYLVEN 1999

JANUAR

Mandag Tirsdag Onsdag torsdag Fredag Laurdag Sundag

	1	2	3	4	5
6	7	8	9	10	11
12	13	14	15	16	17
18	19	20	21	22	23
24	25	26	27	28	29
30	31				

Sykkylven Sogenemnd

Innhold

Roald Solheim:	Forord - Setrane i Sykkylven	side 3
Eldrid Suorza:	Aure Sanitets Gjentelag	side 4
Hermann Starheimsæter:	Jord, grip fat i meg. Far er død.	side 9
Silje Pileberg:	Heller om kvinnfolk enn bilar.... Pilot Seed	side 10
Odd Jan Eidem:	Tomme hender	side 12
Øygunn Tandstad:	Stygg drukningsulykke i Storfjorden	side 13
Karen Elise Matheson:	Kjære Årbok	side 14
Ole Jostein Fet:	Biletkavalkade	side 19
Eldar Høidal:	Sykkylven vidaregåande skule 25 år	side 22
Jostein Drabløs:	Den gamle Fitjabrua	side 27
Hermann Starheimsæter:	Vinter blues	side 29
Anne Gunn Ødegård:	Urmoderens hjerte	side 30
Leonhard Vårdal:	Kommuneval i Sykkylven gjennom hundre år	side 37
Odd Jan Eidem:	Masker	side 39
Stein Arne Fauske:	Brot av ei svartebok	side 40
Nils Einar Rye:	Verkeleg uekte	side 42
Leonhard Vårdal:	Slektstreff	side 43
Per Krokå:	På oppdrag i Finnmark sommaren og hausten 1945	side 44
Petter Kursetgjerde:	Industri og organisasjon	side 48
Jon Hole:	Turistinformasjon for hundre år sidan	side 50
Hermann Starheimsæter:	Revir	side 51
Endre Brunstad:	Namnet "Stressless"	side 52
Per Robert Taffjord:	Skapande Nettverk Sykkylven	side 56
Jon Ivar Myrstad:	Vinterfestivalen	side 58
Nils Einar Rye:	Framsteg	side 59
Eldar Høidal:	Møbelproduksjon i annakvar kjellar	side 60

Sogenemnda 1999

Medlemmer: Eldar Høidal (leiar), Ragnhild Grebstad Hole, Greta Remø Klock, Paul Davik, Eldrid Suorza, Roald Solheim, Betsy Storstrand Andreassen, Petter Hole Drabløs, Astrid Aure, Bjørn Inge Aurdal, Stein Arne Fauske.

Skriftstyret 1999

Medlemmer: Roald Solheim (redaktør), Eldar Høidal, Eldrid Suorza, Ole Jostein Fet, Kjetil Tandstad, Ragnhild Grebstad Hole og Eldar Tandstad.

Utgjevar: Sykkylven Sogenemnd

Skrift på tekst er Garamond LightCondensed 12/13, Titlar er sette med Garamond BookCondensed 24

Utforming/Produksjon: EldArt, v/Eldar Tandstad. Prent: Egset Trykk As, Volda
1999

ISBN 82-990986-8-8

Forsidebiletet er ein detali frå Anne Gunn Ødegård sitt maleri "Fred"



Roald Solheim er redaktør for Årbok for Sykkylven. Han er rektor ved Hundeidvik skule.

Forord

av Roald Solheim

Setrane i Sykkylven

«Gå ut, her kjem følk!».


Gamle-Grø, lat oss kalle han det, er vennleg, men fast i forma. Det er ein snau og snøberr mild desemberdag på slutten av 1960-talet. Grø har bede meg med på juletre-hogst i teigen sin nær stølskvia. Men fyrst må vi ha kaffi. Det vil seie, aller fyrst må vi opne seldøra, og det er dette gubben driv på med nett no. Han har alt banka halvhardt tre gonger på dei grove og verskura borda, og så har han vride nøkkelen varsamt rundt. No dreg han det digre dør-bladet halvvegs opp medan han sjølv går litt til sides. Døra ynkar seg irritert på rusta, smurningsturre jam; aldri fred å få! Så sig ein sur og innestengd geis ut frå det halvmørke huset. Luftpusten er sterk nok til at vi merkar han på votte-lause nevar, og jammen tuslar det i turrlauvet ved steinhella. Vi går inn i selet. Snart sprakar raudeine og soltur-ka bjørkeved under kaffikjelen. Gamle-Grø har eit nært tilhøve til setra. Han fortel om somrane då han som smågut fiska kre i bekken. Det var då moster hans var budeie her, det. Du og du kor snill ho var, og kor flink ho var til å steikje fisk! Han fortel også om ungdomstida, om lyse laur-dagsneter med feit rømebraut, fin felemusikk, fantepretter, setretauser, heimebrygg, ryggtak, og mykje anna. Hausten var ei tid for seg, med sauesanking, bærplukking og seinare rypejakt; Då var det fugel her, du! Øss kom ofte att med rypesekkane fulle!

I Sykkylven er her mellom femti og seksti gardar. Dei fleste er fleirbølte; det vil seie at der er fleire gardsbruk på same garden. Om lag alle desse gardsbruka, og ein del av husmannsplassane med, hadde eigne sel og fjøsar på setrane. Nokre gardar, mellom anna Midtgard, Hundeide og Gjevenes, hadde to setrar. Ei i heimemarka, til bruk om våren og hausten, og ei på fjellet, hovudsakleg til bruk høgsommars. Då stølsdrifta var på sitt argaste, må her ha vore fleire hundre setrebygningar i aktiv bruk i Sykkylven. På nokre få stader kan du framleis finne husdyr og litt drift. Dravlausstølen er døme på dette. Likevel; ved dette hundreårsskiftet er nok fleirtalet av dei gamle husa på sykkylvsse-trane borte. Mange stader er der berre nokre nakne steinmurar att. Men enno finst her folk med hugsen i orden som har delteke aktivt i seterbruket. Dei bør skrive ned

minna sine, og dei bør intervjuast. Grunneigarlaga er med dette utfordra til å ta eit tak her. Arbeidet bør gjerast no. Så vil vel kanskje forståegpåarane seie som så at vi veit nok om seterbruket. Kjenner vi ei seter, kjenner vi alle. Slikt snakk er rett og gale på same tid. Ein del trekk er sams, men detaljane er særeigne. Og det er nettopp desse detaljane som er så spesielle. Dei har med røter og identitet å gjere. Etter kvart som kjeldematerialet frå alle setrane i bygda blir innsamla, bør kopi av tilfanget arkiverast sentralt i kommunen. Så er det å vone på at nokon vil arbeide vidare. Stoffet burde eigne seg framifrå som utgangspunkt for ei hovudfagsoppgåve. Kanskje det kommunale sogelaget kunne medverke og stimulere eit slikt prosjekt? På sikt kan eg sjå for meg ei eiga, fint innbunden bok med naturbilete, kart, skisser, teikningar, stadnamn og gamle fotografi, og sist, men ikkje minst: sogene, songane og segnene. Kanskje verket kunne få tittelen «Setrane i Sykkylven», og kan hende kunne tiltaket bli eit føredøme for andre kommunar med?

Varmen i omnen veiknar før vi vedgår at vi har arbeid å gjere. Det var tre vi skulle hogge. Men fyrst må vi ordne opp etter oss. Gamle-Grø kontrollerer at haspene til glasa er på, og at koppene er nokolunde kaffireine før han set dei attende i kråskapet. Slumpen som er att på kjelen skal vel hivast frå helletrappa. Det kunne kanskje nyelæraren klare. Men drykken er då følg enno! For ein tøsk! Grø tek over: «Gå burt, øss slær ut heitt!», kommanderer den gamle. Røysta er myndig, men også mjuk, og avslører omtanke for dei usynlege, som sikkert kulsar og vil inn att frå det uventa opphaldet ute i den stille, men råskarpe førjulskvelden.

Velkommen til Årbok for Sykkylven!





Eldrid Suorza; utdanna cand.mag. med historie, psykologi og pedagogikk i fagkrinsen. Arbeider no som rektor ved Sykkylven vaksenopplæringscenter.

Aure Sanitets Gjentelag

av Eldrid Suorza

Kven veit at det var jentene som tok initiativet til kinodrift i kommunen i 1939? Eller at dei samejentene gjennom langvarig innsats bidrog sterkt til realiseringa av Sykkylven Samfunnshus? Eg har hatt høve til å sjå nærare i møtebøkene til dette laget, og kan lese ei interessant kvinnehistorie om idérike jenter, med både initiativ og pågangsmot.



Tur i Megardsdalen 1934; overgang frå Erstad til Hundeidvik. Bak frå venstre: Mia Grebstad, Klara Aure, Anna Hjelle, Hjørdis Lyshol, Emma Aure, Anna Aure, Lovise Blindheim, Sverre Gjøvenes og Hjalmar Blindheim. Framme frå venstre: Ella Myren, Berta Aure, Helga Dale, Kari Vinje, Petra Brudevoll (bak), Oddlaug Aure, Anna Vad og Astrid Lyshol.

”Gjentene”- kven var dei?

Ved skipinga i 1919 hadde laget 53 medlemmar. Jentene kom frå krinsane Aure, Aurdal, Fauske og Vik, og var frå konfirmasjonsalderen og oppover til vaksen alder. Kontingenten var 50 øre for året, og han var uendra heilt fram til etter krigen. I 1927 var 30 jenter med, deretter stabiliserte medlemstalet seg på ca. 20-25. Det var få nye som kom til, så ”gjentene” vart sjølvsagt eldre etter kvart. Dei som lever og ein sjeldan gong møtest, er no i 70-80 åra.

S. Aure. I 1939 vart Margrethe Utgard vald, og ho sat sidan som formann så lenge laget var aktivt, fram til ca. 1957.

Organisasjon:

Laget valde formann, skrivar, kasserar og revisor. Blant dei fyrste formennene var ”Bakke-Jonna” - Johanna

Men også etter det representerte ho laget i ulike sammenhengar. Skrivarar frå 1931 var Signe Aure, Kari Vinje, Lilly Rønes, Anna Aure, Julianne Vik og Kirsti Gjerde.

Møteverksemd: Aure Sanitets Gjentelag arbeidde heile tida for å hjelpe dei sjuke og trengande i bygda. Jentene møttest jamnleg til arbeidsinnsats for felles sak. Fast møteplass fram til 1935 var kjellaren på ungdomshuset Valhall. Der hadde dei sin eigen kaffikjel, kalla ”pikeforeningskjelen”. Seinare samlast dei etter tur i private heimar, der dei strikka, sydde og broderte ting som skulle seljast på tombola og basarar for å få inntekter. Det sosiale samværet var sjølvsagt viktig. Det var kvar sin gong til å ordne med kaffi og mat, og praten gjekk nok livleg om mangt og mykje. Dei spådde i kaffi



Frå tur til Otta, lom og Vågå i 1938. Dei tre
"kavalerane" var Petter Avre med
"pikeforeningskjelen", Ludvik Åndestad

og Olav Brunstad.

grut, likte å syngje og gjekk til innkjøp av eigne songbøker. Men det sosiale samvitet og ansvarskjensla skulle byggast opp. Gjennorn møtereferata kan ein sjå at det mest populære innslaget på samlingane var høgtlesing. Det er utruleg kor mange baker som er nemnde i møtereferata, til saman utgjer dei eit heilt lite bibliotek. Kanskje var det slik dei fekk medlemmane til å kome jamnleg, for kven ville gå glipp av fortsettelsen i ei spanande bok? Bøker som er nemnde er m.a. "Berthas optegnelser", "Uten underskrift", "Skuldalsbruden", "Tunagårdens hvite roser" og mange fleire. I tillegg vart det lese frå bladet "Ungdomsvon" og stykke frå vekeblad, som medlemmane hadde med. Det skulle ha vore interessant å vite kva slag litteratur dette eigentleg var; sikkert både romantikk, skjemt og alvor. Åt det påverka tankegang og sinnelag kan ein lese av dette tilfeldig valde møtereferatet frå 1931: "Sykkylven Sanitets Gjentelag heldt møte torsdag 12 november. Møtet tok til klokka ni med songen "Rett som ørnen stiger", og formannen helsa so alle velkomne. Sevrin Langlo spela og song åt oss, og innimellom las Johanne Grebstad og Anna Aure kvar sine stykke. Berta Aure spandera kaffi, og som alltid var samrøda livleg, og det såg ut til at den gode kaffien lokka smilet fram på mange svevnuge andlet Seinare på kvelden las søster Liva opp eit stykke åt oss og me fekk høyre at det ikkje er alle stader so greidt der sjukdomen vitjar heimane, og eg trur mange hadde kjensle av at det er godt å vere med i eit arbeid der ein kan rekkje ei hjelpande hand, både sanitært og økonomisk om dei skulle trengst. Møtet, slutta med fedrelandssalmen. 23 gjenter var med på møtet. Julianne Vik (sign.)

Under høgtlesinga var medlemmane flittige med handarbeidet, som skulle bli til gevinstar på årlege basarar og tombolaer. Kvart år arrangerte dei morsfestar på

Valhall. Desse var populære og gav overskot. Likeså var det skotårsfestar når det var aktuelt. Dei arrangerte også turar for medlemmane, m.a. var dei i 30-åra på fleire fotturar og Vågå. på ein minnerik busstur til Otta, Lom og Vågå.

av laga. Kvart av laga skulle velje ein ettersynsmann, og det skulle tilsettast ein kassestyrar og forretningsførar. "Gjente-laget" fekk i oppgåve å syte for billettseljarar,

5

Kva arbeidde dei for?

Kva nytta dei pengane til ?

1919-1930: Friviljug sjukerøkt, arbeid

mot tuberkulose.

I 1920-åra var det kampen mot tuberkulosen som stod i fokus. Sjukdomen herja også her i bygda, særleg døydde mange unge i åra 1918-1920. Fleire opplevde å misse nær familie og vennar. Det var nok ynsket om å noko i arbeidet mot tuberkulosen som var eninga vart starta. Dei samla inn pengar til Haukåsen i Ørskog, som var sjukeheim for tuberkuloseramma, og sende gåver i form av frukt og matvarer. Dei støtta økonomisk arbeidet til Sykkylven Tuberkuloselag og Sykkylven Helselag. Dei gav gåver til trengande familiar i bygda, og det er nemnt både pengar, klede, mat, ved, kol, såpepulver, frukt og ullteppe. Kvart år gav dei julegåver og oppmuntringar til sjuke i bygda, og gløymde heller ikkje utflytta sykkylvingar. I 1931 gav dei gåver til trengande nordmenn i USA.

"Gjentalaget" tok opp arbeidet for friviljug sjukerøkt, og i 1920 åra betalte dei jamnleg løn til ei sjukesyster i kommunen.

1931-1945: Kinodrift og folkebad.

I 1938 tok laget opp tanken og arbeidet for eit folkebad på Aure i Sykkylven. Det var mange menneske som arbeidde i møbelindustrien, og baderom i husa var nok ikkje vanleg på den tida. Det vart samla inn pengar på tombolaer, basarar og andre tilstellingar. Men då det trongst ein god del kapital til reisinga av eit folkebad, såg laget seg om etter utvegjar til å sikre seg større og jamnare inntekter. Det var då jentene kom på ideen om kinodrift. Dei frykta imidlertid at oppgåva ville bli noko stor for "Gjentalaget" åleine. I året 1939 søkte så Aure Sanitets Gjentalag samarbeid med Sykkylven frilynde Ungdomslag. Ungdomslaget tende på ideen, og begge laga stod saman om å søkje kommunen om løyve til å drive fast kino på ungdomshuset Valhall. Kommunen såg med velvilje på søknaden, og laga fekk konsesjon på kinodrifta. Kontrakt som sa at overskottet skulle gå til folkebad vart oppsett. Sykkylven heradsstyre gjorde vedtak om at dei ville avsette kommuneavgifta på 10% til same formål. I semja heitte det elles at det skulle opprettast eit kinostyre med 2 medlemmar med vara frå kvart



Dei fire "gjentene" er frå venstre: Signe Aure, Kari Vinje, Bodil W. Grebstad, Anna Vad.

og ungdomslaget for kontrollørar. Dei måtte også syte for å fyre i omnen føre kvar framsyning. Det vart valt ei nemnd på tre personar til å ta ut filmar; med representantar frå "Gjentelaget", frå Ungdomslaget og frå Heradsstyret. Lai's B. Vik tok på seg oppgåva som maskinist. Han var trufast i tjenesta i lang tid. Kinoanlegg vart kjøpt inn for kr. 7000,-, og drifta kom i gong same år.

Sjølv om "Gjentelaget" og Ungdomslaget låg nede under krigen, var det aktivitet i Sykkylven Kino. Rekneskapen pr. september 1945 viser at laga hadde ca. kr. 21.000,- i banken til fordel for det påtenkte folkebadet, og heile kinoen sitt anlegg var nedbetalt.

I møtebøkene for 1940 kan ein elles lese at representantar for laget var innbedne til eit møte med formann skapet. Der vart dei bedne om å gjere ein innsats for å betre kosthaldet i kommunen. Som eit resultat av dette møtet, valde dei personar som skulle reise rundt i bygda med "kosthaldspropaganda."

1945-1960: Tomtespørsmål kinodrift

Under krigen låg lagsarbeidet nede, men 1. oktober 1945 møttest dei igjen til møte på Sykkylven Hotell. Dei tok straks opp att diskusjonen om kinoen og folkebadet, og vart samde om å samle alle midlane frå kinodrifta i Sykkylven Sparebank. Pengane skulle vere bundne til folkebad i sen-trumskrinser. Inntektene auka sakte men sikken. Det var i ein periode dissens mellom "Gjentelaget" og Ungdomslaget om kven som skulle sette opp folkebad, men

i 1946 vart det einstemmig vedteke at laga skulle gå saman om dette arbeidet. Laga hadde midlar til både tomtekjøp og til ein stor del av bygget, men tomt var det ikkje lett å skaffe. Laga var heller ikkje heilt samde om kvar tomta skulle ligge, men sentralt skulle det vere. Grunneigarane på Aure ville nødvendig selje jord til formålet, og den valde tomte-nemnda frå 1938 fekk ein stri tårn. 11953 var reguleringsplanen for Aure vedteken, men framleis fekk dei ingen til å selje grunn frivillig. Då såg dei inga anna råd enn å søkje heradsstyret om å få oreigna tomt til Aure folkebad. I heradsstyret vart det reist tvil om der var lovheimel for oreigning av tomt til slikt formål. Ordførar Fridtjof Fredriksen sende då eit positivt brev til departementet og bad om fråsegn i saka. I svaret frå departementet stod det at "departementet finn ikkje grunnlag for oreigning til fordel for lag og samskipnader i nokor norsk lov." 11956 såg det endeleg ut til at tomtespørsmålet skulle løyse seg. Lars J. A. Aure skulle selje nokre tomter ved Aureelva. Han var viljug til å selje 2 da. til formålet. Tomtenemnda meinte plassen var ideell, og kalla saman laga for å gjere vedtak. Ungdomslagsmedlemmar frå Tynes og omegn meinte imidlertid at tomta kom for langt ut. Det drog ut med avklaring i tomtespørsmålet.

Kvinnespørsmål - meir radikale haldningar?

I lagsbladet for 1947 skriv Inger Marie Hjorthol om "Barna, heimen og samfunnet:

Det er kvinnen som regjerer Mannen han er null og niks. Hun i bukser promenerer Og tror seiv at hun er fiks. Jeg til kone fikk en kvinne Som gikk på den brede vei. Hun på møter er å finne -Hus og barnet steller jeg."

"Slik ser mannen det. Er det da ikke på sin plass at vi tar en og annen torsdagskvelden for oss sjøl - arbeider for en god sak til feHes nytte og hygge - lufter våre meninger og gir uttrykk for vårt syn på forskjellige saker? Ja, gid alle må unne oss det."

Ho leverer elles eit interessant bidrag til forsvar for barnehagar. Ho hadde arbeidd ved ein barnehage på Bakklandet i Trondheim og fortalde utfyllande om det givande arbeidet med barna. Ho var tydeleg oppteken av barneoppseding og samfunnsspørsmål som bustad- mangel og sosiale skilnader. Argumenta for barnehagen var mykje dei same som vert nytta i dag. I møteboka frå 1947 kan ein elles lese at "Gjentelaget" vitja Sykkylven Husmorlag, som hadde fått besøk av utsending



"Gjentelaget" og Ungdomslaget, og gjorde

Frå turen til Otta, Lom og Vågå i 1938. Framme frå venstre: Pia Aurdal, Berte Aure, Julie Aurdal Johanne S. Aure, Oddlaug Aure, Anna Vad, Bodil Grebstad, Kari Vinje og Emma Aure. Bak f. venstre: Alfred Aure, Signe Aure, Bertha Aure, Olav Brunstad, og Petter S. Aure.

ar frå Norges Husmorlag. 70 kvinner frå "Gjentelaget", Helselaget og Husmorlaget var til stades på eit møte på Sykkylven Hotell der det vart halde foredrag om møtetek-nikk. "Gjentene" fortel at på dette møtet var behovet for barnehage på Aure ivrig diskutert. Krinsinteressene var nok sterke den gongen også, for kvinner frå Fauskebygda meinte at mødrene på Aure kunne passe ungane sine sjølve, for "det måtte dei gjere".

Det skulle gå enno 28 år før den første barnehagen vart teken i bruk i Sykkylven - men det er ei anna historie...

Barnefilmar

Kvinnene hadde omtanke for barna i bygda og ynskte å få barnefilmar til kinoen. "Gjentelaget" tok initiativet, og det kom i stand faste filmframsyningar for barn. Dette var som ein liten revolusjon for barna i Sykkylven. Eg kan sjølv hugse frå 50-talet det sterke inntrykket som m.a. filmen om flyktningejenta "Toya" gjorde på eit mottakeleg barnesinn. Dei faste framsyningane av Filmavisa søndagskveldane opna ei ny verd for oss som var barn og unge i 50-åra.

Mange hugsar nok også dei blide billettørane (Brudevoll-jentene m.fl.) og dei strenge kontrollørane som gjorde teneste kvar onsdag og søndag. Lite visste vi då om at dei kom frå

gratisarbeid til inntekt for det som skulle bli eit framtidig Samfunnshus.

648 aksjar a kr.100,-. 11966 overførte "Gjentelaget" sin andel i Sykkylven Kino til Sykkylven Samfunnshus L/L. Dermed vart



1960-1975:

Frå folkebad til Samfunnshus og symjehall.

Etter som tida gjekk, blei det imidlertid meir og meir klart at behovet for folkebad ikkje var så stort som før. Sykkylven ML Ungdomslag arbeidde med planar om bygging av nytt ungdomshus. Laga kjøpte ei tomt i Aure sentrum til dette formål og dei valde eit arbeidsutval til å arbeide vidare med saka. Margrethe Utgard, Kirsti Gjerde og Anna Vad representerte "Gjentelaget".

Parallelt med dette hadde Sykkylven skulestyre valt ei nemnd til å arbeide med planane for utbygginga av skulane i kommunen. Arbeidsutvalet var frå først av innstilte på at Ungdomslaget og "Gjentelaget" skulle bygge åleine. I kontakt med Statens Ungdoms- og Idrettskontor (STUI) fekk dei vite at kommunane var pliktige til å røkje etter om behovet for lokale til frittstående lag og organisasjonar kunne kombinerast med skulen sitt behov, særleg ved dei linedelte ungdomsskulane. Slikt samarbeid var etter kvart blitt vanleg i mange kommunar, og tippemidlar vart praktisk tala berre gitt til slike kombinasjonsbygg. Samla disponerte "Gjentelaget" og Ungdomslaget kr. 200 000,- som kunne nyttast til kombinasjonen forsamlingshus, gymnastikksal og symjehall. Ein kunne rekne med like mykje i tippemidlar.

Dei bad om prinsippavklaring om Sykkylven kommune var interessert i samarbeid vidare. Det var dei, sjølv om avisdebattar frå denne perioden tyder på at motstanden mot slik samrøre mellom skole og frilynde var stor.

Det vart danna aksjeselskap for Sykkylven Samfunnshus. Aure Sanitets Gjentelag kjøpte til saman

Samfunnshuset sikra ei årvisst inntekt i mange år framover. Sykkylven Samfunnshus stod ferdig i 1969 med moderne symjehall, dusjanlegg og badstu. Slik sett kan ein nok seie at den mangeårige draumen om folkebad til slutt vart realisert.

1990-1999:

Gåver til friviljuge organisasjonar og kyrkje. I februar 1990 var tidlegare medlemmar samla på Hotell Sjølyst. Dei hadde ein betydeleg bankkonto som dei ynskte å gi til eit godt formål. Alle var enige om å gi beløpet til kyrkja, og ville gjerne kjøpe sølvtøy til kapellet. Innkjøp måtte imidlertid godkjennast av kyrkja si utsmykkingsnemnd. Denne nemnda er enno i dag ikkje ferdige med arbeidet sitt. Det er å vone at det snart kan bli ei avklaring, for ei gåve til kyrkja vil vere i "Gjentelaget" sin gode tradisjon.

7

"Gjentene" i dag. Framme frå venstre: Margrethe Utgard, Gudbjørg Mjøen, Anne Grebstad, Kari Espe. Bak frå venstre: Nelly Brunstad, Kirsti Gjerde, Petra Brudevoll, Jorunn landstad, Julie Aure og Bodil Aure.

Det var nemleg dette laget som i 1938 gav midlar til døy-pefont i "gamle kyrkja".

Laget hadde elles 648 aksjar å kr. 100,- i Sykkylven Samfunnshus. Dei vart samde om å gi desse til Sykkylven ungdomslag, Musikklaget Lurlåt, Sykkylven Idrettslag og Sykkylven Blandakor - kvar med 168 aksjar. Ei storstilt gåve, som alle laga sjølv sagt sette stor pris på, og som gav kvar av dei sterkare tilknytning og eigedomsrett til Sykkylven Samfunnshus.

Eg ville vite kva foreninga hadde betydd for dei i oppveksten og i vaksen alder? Dei var samde om at det gode miljøet i "gjentelaget" hadde skapt vennskap mellom dei som ville vare livet ut. Det å arbeide saman for gode formål hadde vore meningsfylt. Det var kjekt å vere med i foreninga, og dei gledde seg til møtekveldane, for det var lite anna å vere med på den tida. Dei meinte det var viktig at dei hadde blitt kjende i heimane til kvarandre. Å vekse opp på Aure med omegn i 20 - 30 åra var nært og trygt. Allekjende alle, det var mindre krav og stor fridom. Som ei av jentene uttrykte det: "Vi hadde ein vidunderleg barndom

og ei fantastisk ungdomstid". Store ord, men alle var samde, så då må det vel vere sant?"

Takk for mangeårig innsats!

Det er absolutt grunn til å rette ei stor takk til "gjentene" for det humanitære og kulturelle arbeidet dei har lagt ned i bygda gjennom mange år.

Kjelder:

I arbeidet med dette stoffet har eg hatt tilgang til Kassabok frå 1919, Møtebok frå 1931 til 1939 og Møtebok frå 1939 til 1957. Ein del brev, avisartiklar, avtalar, kontoutskrifter m.m. er også lest med interesse. I tillegg har eg hatt møte og samtalar med tidlegare medlemmar som har mykje å fortelje frå lagsarbeidet.

8



Hermann Starheimsæter er forfattar. Han har gitt ut ei rekkje romanar og diktsamlingar. I år er han aktuell med banebok. Ei bok med fotografi av Jens Hauge og tekstar av Hermann Starheimsæter er nettopp lagt ut på internett av prosjektet Fylkesatlas Sogn og Fjordane.

Hermann Starheimsæter

Jord, grip fat i meg

Jord grip fat i meg
og hald meg favst
Bruk det du har
Knuppar, piggar, frøhus, klør
Meitemakkens kostar, tjøreblomens lim
Eit lode humlebryst i sola
Hald meg fast
og slepp meg ikkje
Snu meg inn mot deg
så eg aldri gløymer meir
kvar eg stod
då eg med eitt vart strekt –

Far er død

Det siste biletet av far
vart nettopp det, eit bilete
eit fargefotografi
teke med eit enkelt kamera:
Nyslege gras i ein ellipse
rundt to aplar
med klessnor mellom seg
Ein ser også plaststolen
han alltid hadde med

på slutten
Tre drag med langorvet
Jaudå, den perfekte bogen
sat i kroppen enno
Så måtte han kvila

9



Silje Pileberg er 20 år. Har gått på vidaregåande i Sykkylven og idrett- og friluftslivlinja ved Nordhordland folkehøgskule. I år jobbar ho i Radio Storfjord og er fjernstudent i Global forståelse ved HiO.

Heller om kvinnfolk enn bilar...

av Silje Pileberg

Dei begynte som Bingo Boys - gutane som spela på hotellet den tida då Christian ikkje var gammal nok til å sleppe inn. No er målgruppa endra og imagen ny. Møt kremen innanfor Sykkylven sitt bandmiljø: PilotSeed.

Det første som møter meg, er ein lang kabel strekt over vegen. Her må det vere, tenkjer eg. Inne i det vesle huset ligg det mange, mange fleire kablar og leidningar. - No? Då skulle du sett for nokre dagar sidan, seier dei. Då var det visst leidning-land i huset. Eg undrar meg litt over øvings-lokalet. Forutan kilometervis med leidningar, ser eg eit gedigent slagverk, nokre gitarar strødd rundt omkring, og på veggane heng det gamle slektsbilete i svart/kvitt.

Eit gammalt hus, med tilhøyrande utstyr og sanitæranlegg er greitt å ha når ideane melder seg. Eventuelle tomrom i låtane blir utfylte med ein rennande vask, russiske radiosendingar, hylande naboungar og liknande.

- Kvar får de ideane frå?
- Det er utruleg kva som dukkar opp etter to døgn med øving. Her, høyrer du, her slår vi på ein lampe...

Jan Tore sit framfor datamaskina og lurar på kvar det har blitt av den nyaste låten. Er tre døgn innspeling bortkasta? -Tre døgn??! Eg ser liksom for meg at de plasserer ein mikrofon midt imellom og alle spelar samtidig... men det er kanskje ikkje slik?

- Nei. Det var nok berre Beatles som gjorde det slik - i begynnelsen.

Blei hjelpete i gang

Det har gått nokre år sidan lappen "Vil du starte band?" dukka opp i postkassene på Sørstranda. - Det var Kjell Stave og Arild Kvenseth som hjelpete oss i gang. No for tida blir det lite tilrettelagt for bandmiljøet i Sykkylven. Vi har inntrykk av at mange vil spele, men ingen har nokon å spele attmed!

Smalare musikk

- Første CD'en spela vi inn i eit studio i Sogndal. No har vi fått låne eit dataprogram av dei, slik at vi kan fikse opptaka sjølve.
- Er det ny plate på gang?
- Hmm.. vi har i alle fall spela inn nokre låtar! Tre av desse; "Hunger", "Landslide" og "Turnyour head", skal vi sende

10

ut til internasjonale plateselskap. Det er større sjanse for å slå igjennom på den måten. Ingen norske band har blitt kjende i utlandet via norske plateselskap. Unntatt Lene Marlin, da. Men det er jo ikkje noko band.

- Dei nye låtane våre er litt annleis enn den første plata. Det er same stilen, men desse nye er kanskje litt... ”smalare”? fortel Terje. - Vi bruker fleire spesielle effektar. Du kan seie at den første plata var noko som alle kunne like. Denne blir kanskje slik at færre likar ho, men dei som gjer det, likar ho til gjengjeld veldig godt.

Alle til Oslo

No skal heile gjengen bu i Oslo, og dette gjer det lettare å øve i lag. I Oslo studerer Daniel marknadsføring, medan Petter skal bli siviløkonom. Terje og Jan Tore går lærarskulen. Christian ligg heime og søv, men han planlegg IT-utdanning i Tigerstaden.

- Men, Petter: Viss du fekk valet mellom ei framtid som siviløkonom eller ei karriere med Pilot Seed? Han nøler ikkje så veldig lenge, så vi får håpe at studielånet blir bortkasta.

Ikkje noko danseband

- Det som kanskje er litt spesielt med oss, er at vi ikkje legg oss på danseband-stilen, fortel dei. - Vi held oss til vår musikk. Vi kunne for eksempel aldri spelt i Las Vegas.
- Og dessutan har vi ikkje gitt oss! skyt Terje inn. - Det er viktig. Mange gir seg. Berre kremen sit attende... ”Den harde kjerne”. Kan det ha noko å gjere med at vi ikkje har damer...?!

Likevel er det slik at utan damer, ingen musikk. Desse er nemleg ei stor inspirasjonskjelde når det kjem til låtskri-ving. - Kjærleik er noko folk forstår! Vi hadde ein låt som var ganske sær. Heilt til vi la til ”she said to me”...

- Ja, huff, det blir vel egentleg berre slik. Kvinnfolk er så kompliserte. Det er så mykje å skrive om dei! Det er ikkje det same å skrive om ein bil, for eksempel. Daniel skriv dei fleste av tekstane. - Eg skriv ofte når eg er i ei spesiell stemning. Og då er det berre å skrive, eg skriv ned alt eg kjem på. Dagen

etter ser eg kanskje at 90% var heilt på styr. Men då var ti prosent bra. Det kan vi bruke. Terje er komponisten i gjengen. - Ja, men eg gjer det ikkje-åleine. Vi lagar låtane ilag. Du kan kanskje seie at eg lagar svart/kvitt bileta, medan dei andre set fargar på...




Sykkylvens unge håp..? Ev: Petter (trommer), Daniel (vokal), Jan Tore (bass), Christian (gitar) og Terje (gitar og vokal).

Samansveisa

Etter ein time dukkar også Christian opp, trøtt og slapp. I Pilot Seed legg ein ikkje skjul på sinnsstemninga. Heller ikkje humøret eller meiningane. - Vi er ein kompisgjeng som har blitt eit band, ikkje omvendt. Vi kjenner kvarandre veldig godt. Derfor er vi ærlege mot kvarandre. -Idol?

Terje og Jan Tore kan fortelje at Miles Davis og Jeff Buckley står ganske høgt. Christian vil ikkje ha noko idol på seg. Men ein karriere hadde vore kjekt. Det er dei samde om. Og etter å ha høyrte låtane som no skal sendast ut i verda, tenkjer eg at det er ikkje så frykteleg usannsynleg heller.

Draumen er å reise på stor turné med det verdskjende Pilot Seed. Og då skal alle land og stader besøkast. Unntatt Las Vegas...






Sykkylvens unge håp..? Ev: Petter (trommer), Daniel (vokal), Jan Tore (bass), Christian (gitar) og Terje (gitar og vokal).

Samansveisa

Etter ein time dukkar også Christian opp, trøtt og slapp. I Pilot Seed legg ein ikkje skjul på sinnsstemninga. Heller ikkje humøret eller meiningane. - Vi er ein kompisgjeng som har blitt eit band, ikkje omvendt. Vi kjenner kvarandre veldig godt. Derfor er vi ærlege mot kvarandre. - Idol?

Terje og Jan Tore kan fortelje at Miles Davis og Jeff Buckley står ganske høgt. Christian vil ikkje ha noko idol på seg. Men ein karriere hadde vore kjekt. Det er dei samde om. Og etter å ha høyrte låtane som no skal sendast ut i verda, tenkjer eg at det er ikkje så frykteleg usannsynleg heller.

Draumen er å reise på stor turné med det verdskjende Pilot Seed. Og då skal alle land og stader besøkast. Unntatt Las Vegas...



11



Odd Jan Eidem går på vidaregåande skule i Ålesund. På fritida spelar han i band, spelar teater, skriv dikt og teiknar.
O. J. Eidem

Tomme hender

Veiens ende.

Tiden har nå endelig kommet.

Man har bare det ukjente igjen.

Tomme hender, er i dette øyeblikk en byrde.

Tomme hender, er da resultatet av en glemt fortid.

Tomme hender, er da beviset på dovenhet, beviset på uvitenhet.

Bevar alle skatter, alle bilder av glede.

Ta med deg smilet på din vei.

Søk og oppdag.

Vær foruten tomme hender.



12



Øygunn Tandstad har arbeidd i Mørebil og er aktiv i Musikklaget Lurlåt. I denne artikkelen skriv ho om ei dramatisk drukningsulukke på Storfjorden 8. januar 1923.

Stygg drukningsulukke i Storfjorden.

av Øygunn Tandstad

Johannes Kjemplhol (Fløt-Johannes)', dottera Hikka, sønene Martin Edvard og Johannes (Jon) samt Bernt Høgset (Reite - Bernt), hadde den 7. januar fare med robåt over Storfjorden til Honningdalen (Glomset), der eine dottera til Fløt-Johannes var gift. Det var julevitjing, og dei skulle vere til neste dag, slik brukvisa var. Martin Edvard var nett komen heim frå Amerika for å ta over garden, og no gledde han seg til å helse på systra.

Då dei så neste formiddag skulle legge på heimveg,

hadde det blåse opp ganske kraftig. Dei vart åtvara mot å fare, men la likevel i veg. Kanskje dei tenkte på at dei var bedne til middag på Stølen, så dei fekk sjå å ha seg heim. På Glomset-sida stod dei og fylgde med. Då fylgjet var komen mefjords, kom det eit stormkast som velta båten. Ingvald Honningdal la straks i veg med motorbåten sin, for kanskje å redde nokon. Men den store ulukka var skjedd. Fire av dei vart aldri attfunne, men Martin Edvard låg over ei toft i båten. Han døydde på turen over til Glomset.

Det var lærar Elias Frøysa som fekk oppringing om kva som hadde hendt. Telefon var ikkje allemannseige den gongen. Han la straks i veg til

Knut-garden på Aure og fekk med seg Ole (svogeren til Fløt-Johannes) for å gå fram til familiane med den triste budskapet. Då dei kom fram på Eimsreiten, møtte dei Fløt-Karen. Ho seier då til dei: «De treng ikkje seie noko, for eg skynar kva som har hendt». Ho hadde då lenge gått og engsta seg, for ho såg at det bles kraftig. På ein og same dag miste ho mannen sin, to søner og ei dotter. Vi kan undrast - korleis kunne ho bere ei slik sorg utan å gå frå forstanden? Men Karen fekk legge alt i Herrens hender, og fekk hjelp og styrke.

Også på Reiten vart dei sterkt råka. Berthe miste mannen sin, Johannes (Jon) og far sin, Bernt. Sistnemnde var ein kjend felespelar. Ho sat att åleine med ansvaret for ein stor gard og ei sjuk syster.

Karen selde Fløten i 1925 til Signe og Edvard Grebstad. Ho budde på bruket til ho døydde i 1945, 90 år gammal. I gravferda hennar var det ein som sa:«No har morbrorko-ne fått svar på alle sine kvifor».



Karen selde Fløten i 1925 til Signe og Edvard Grebstad. Her ser vi Karen med sonen deira John på fanget, 2 år etter den vonde ulukka.

Berthe gifte seg seinare opp att med Nils Brunstad og fekk borna Jon Bernt og Liv.

Ei årsak til at Karen var nokså sikker på at noko alvorleg hadde hendt, var noko ho hadde opplevd natta før folket hennar drog ut på denne turen. Ho vakna då av at Nikka stod i senga si og i svevne song dette verset:

*Livet forsvinner i hast som en drøm,
år etter år iler bort.*

Dog blir eiglemt hva som gjordes for dem, nei - det står tegnethos Gud.



Karen Elise Matheson er spesialpedagog og arbeider ved pedagogisk-psykologisk kontor i Sykkylven. Ho er med i Redd Barna gruppe, og har dei siste åra hatt ei rekkje oppdrag i Uganda for å hjelpe tidlegare barnesoldatar tilbake til samfunnet.

o

Kjære Årbok!
av Karen Elise Matheson

Var det så at du ville vite litt om mine oppdrag i Uganda? De siste to årene har jeg oppholdt meg i Nord-Uganda i fem perioder, fra åre måneder til knappe en måned. Jeg har deltatt i et prosjekt som arbeider for å hjelpe barnesoldater tilbake til landsbyene sine.

Barn som aldri har opplevd å leve i fredstid

Allerede den første natten på det ganske primitive Hotel Roma i den lille byen Gulu, lød det skyting rett utenfor bykjernen. Jeg hadde allerede lært at en type skudd "bare" var skudd fra tyver, men skudd av typen "krig" var fra rebellene. Byen Gulu, som til


vanlig har ca. 40 000 innbyggere, ligger nord for Nilen som deler Uganda omtrent nord - sør. Byen er omringet av et krigsområde som strekker seg fra Nilen i sør til Sør-Sudan i nord. 113 år har det i dette området herjet en geriljakrig som ikke ligner på andre konilikter. Rebellene er en liten gruppe med fanatiske spiritister som i starten proklamerte at de hadde de 10 bud som sin rettesnor. Etter hvert har de involvert seg mer og mer i grusomheter som nesten ikke kan beskrives. De herjer landsbyene, kidnapper barn helt ned til ca 11 år, både jenter og gutter. Ja, nesten hele rebellgruppen består av barn. Barna blir truet til å drepe sine egne familiemedlemmer. De må bære tunge bærer, ofte helt til hovedkvarteret i Sør Sudan. De blir hjernevasket ved ritualer og gjennom trusler. Jentene blir

mishandlet og får ofte barn som de må drepe etter fødselen. Det store paradokset i denne konflikten er at det er Luo-folkets egne barn som blir deres hender. En hel generasjon barn vet ikke om noe annet enn krig; flukt fra landsbyene, nedlagte skoler, oppløsning av alle gode, trygge tradisjoner og samfunnsstrukturen

Jorda i nord, som er grøderik, blir ikke dyrket, og jernbanen som før gikk helt til Gulu for å frakte ris til folk i sør, er nedlagt pga rebellenes raider.

Mamma GUSCO

Men noen barn klarte å flykte fra rebellene. Som regel klarte de dette mens et raid var på frammarsj. Kommandantene var da så opptatt av å storme framover at de ikke hadde tid til å passe opp baktroppen. Barna lot som de var døde, lå helt stille til rebellgruppen var forsvunnet. Dette var risikabelt, for hadde de blitt oppdaget, ville de bli skutt.



På "The Day of the African Child (16. juni) lager de masse hatter til barna på senteret og de som bodde rundt om.

Ofte lå de i dekning i flere dager. De visste at de hadde ilender over alt. Møtte de på rebeller, ville de bli skutt av dem, møtte de lokalbefolkning som forsto at dette var rebeilbarn, kunne de av frykt også slå hardt ned. Barna fortalte oss at de som oftest prøvde å finne hytter der det bodde litt eldre kvinner. Når ingen andre var å se, turte de komme fram og fortalte at de hadde rømt. Disse kvinnene hjalp dem til nærmeste offisielle kontor, som igjen fulgte dem til mottakssentrene i Gulu Town. Gamle damer ser ut til å være gode å ha mange steder i verden.

Et amerikansk prosjekt, World Vision, tok imot mange av de barna og voksne som klarte å rømme. Men en del folk fra Gulu ville gjerne lage et mottakssenter for barna i sitt eget distrikt. Det var, som så ofte ellers når de gjelder verdens barn, en av disse sterke, flotte kvinnene som fikk dette til. Geraldin Onguti hadde seiv mange barn, ingen av hennes barn var blitt tatt, men hun hadde tatt til seg flere som hadde klart å rømme til Gulu. Hun tok bussen gjennom krigsområdet til hovedstaden Kampala, gikk fra kontor til kontor med en kort prosjektbeskrivelse.

Det hele endte som et stort prosjekt, betalt av danske DANIDA, støttet av Red Barnet Danmark. I april -97 var det lokale prosjektet Gulu Support The Children Organisation, GUSCO faktum.

Mono bye-bye på sykkel

Det var i dette prosjektet jeg arbeidet. Som medlem i Redd

skulle vi ta i mot disse barna, hvordan bygge opp tillit, hvilke prekære behov har hvert enkelt barn, både medisinsk, fysisk og psykisk, og hvordan hjelpe dem å finne tilbake til foreldrene eller slektningen. Gjennomgang av FN's barnekonvensjon var også noe jeg ofte gjorde både på senteret og i møte med offisielle personer på distriktskonto-rene. Uganda har skrevet under barnekonvensjonen, men



En shamba, er et lite gardsbruk og endel av landsby.

Barna Beredskapsgruppe reiste jeg for å hjelpe til med å komme i gang med prosjektet. Jeg må forresten fortelle at jeg har bodd i Uganda før. For tretti år siden var jeg der som fredskorpsdeltaker i to år. Både denne erfaringen og min barnefaglige utdanning var årsaken til at jeg ble tatt ut til dette spesielle oppdraget, blant de 15 medlemmene i Beredskapsgruppa.

Min oppgave var først og fremst å undervise staben på Gusco mottakssenter, som m.a. besto av mennesker med eksamen fra Makerere Universitetet. Ingen av dem hadde barnefaglig utdanning. En hadde studert geografi og en samfunnsvitenskap, men det var lærenemme og dyktige folk. Prosjektlederen var godt kvalifisert. Ellers i staben, som telte ca. 20 personer, var det kokke, sjåfør, husmoren og to koselige vaktmenn. Alle var fra Gulu District. Det var alt fra 75 og opp til 350 barn på Senteret, vi visste aldri hvor mange som kom hver uke. Barna lå på sivmatter som de bare rullet sammen og satte opp langs veggene om dagen.


Mitt arbeid var å fokusere på barnas behov; hvordan

15

som mange andre land i verden, fusker de med ganske mange av konvensjonsartiklene. Mange av barna var i en svært dårlig forfatning da de kom til senteret. Det var allikevel utrolig flott å oppleve at mange kom seg tilsynelatende ganske fort, i alle fall fysisk. De har flott og sterk ungdom i Nord-Uganda.

Hver morgen syklet jeg gjennom det store grønne området i byen. Folk i fargesprakende klær gikk eller syklet, latter og glade samtaler, ja mye latter, fantes det midt i krigens sentrum.

Jeg må ikke glemme armésoldatene; The Uganda Army. Armeen har vært i Gulu District i 13 år, de har ikke klart å stoppe rebellene. Jeg hørte at fornuftige folk sa - og jeg tror det er helt riktig; "Denne krigen kan ikke stoppes med våpen". Jeg har aldri forstått før jeg kom til Uganda, landet som ligger nord for verdens nest største innsjø, Victoriasjøen, hvordan en geriljakrig fungerer. Små rebell-grupper forflytter seg ganske usynlig og lager et nettverk som det nesten er umulig å finne strukturen på. De er nes-



Gruppesamtale

ten som sopp, som popper opp der man minst kan ane det. Men tilbake til min sykkel. Jeg var den eneste hvite dåmen som folk hadde sett på sykkel. Alle andre hadde bil (det var til sammen ca. 25 hvite i Gulli Town). På mine faste turer rundt i byen kjente etter hvert mange av barna meg og de ropte: "Mono bye, bye." Mono betyr hvit person. Noen små barn ble redde første gangen de så meg, de hadde vel ikke sett en så rar, stygg, underlig og blass person som meg. Litt større barn var iblant mer avanserte i sin hilsing, de ropte: "Mono bye, 'ow are you." Uganda har om lag 40 språkfyrer. Engelsk er deres offisielle språk, men seiv om barn som går på skolen (det var ikke alle) lærer engelsk fra tredje klasse, er det få som kan bruke språket. De som hadde gått på Secondary School var veldig gode i engelsk.

16


Gulu - byen som er omringet av krig

Tenk deg et endeløst, flatt landskap, varm, brun sand som virvler opp når bilene kjører, mennesker langs alle veiene som fører inn til byen, lange rader med folk på hver side og mange sykler innimellom. Byen, som ligger midt i bushen, med veier og stier til små og store landsbyer, ser nesten ut som en nedslitt "westernby", med bygninger med åpne verandaer med tak over. Midt i byen er det et stort grøntområde, og i tilknytning til det ligger restene av de britiske glansdagene, med store gouvemmentbygninger fra protektorattiden. (Uganda var et protektorat og til forskjell fra Kenya som var koloni, hadde landet mer selv-stendighet).

Over alt i Uganda kan man se hvor de hvite har bodd. Da ser man store nydelige hus, som nå er ganske falleferdige, og store praktfulle trær. Også i Gulu finner man

dette, områder med nydelige blomstrende, nesten hundre år gamle trær. Grøntområdet i Gulu var også en gang fullt av disse store trærne. Men i løpet av krigen har folk ikke kunnet gå ut i bushen for å hogge ved. De har bare forsynt seg av det nærmeste de fant midt i byen. Rundt om kring i gatene og i det grønne området går kuer, store griser, høns og geiter. På ulike steder i byen ligger det søppel i store dunger i grøftekanten. Ingen henter det, men dyra spiser det meste. Før krigen bodde ca. 40 000 mennesker i selve Gulu Town, som i radius kan være noe sånt som 2 km. Men fordi krigen herjer i bushen utenfor kommer folk hver kveld ved 19-tida. De kommer før det blir mørkt, strømmende inn til byen for å sove i dekning, hos slektninger, i leide små krypter eller rett og slett på verandaene i byen. Tre kvelder i uka var det disconight i byen. Fra klokka 22 til kl 06 durte afrikansk discomusikk så høgt at "dokke ville ikkje tru det". I blant lurte det seg inn en amerikansk slager. Seiv om disse aldri har vært mine favoritter, kunne jeg faktisk ligge utover natta å tenke at de var ikke så verst. De var i alle fall gode å ha som avkopling fra den monotone, men utrolig rytmiske afrikanske musikken. Jeg ble fortalt at discoen holdt på til morgengry fordi de som kom fra bushen ikke hadde noen andre steder å være og de kunne ikke gå hjem før det var lyst.

Det var et yrende handelsliv i Gulu. Det var ikke store penger som skiftet eiere, men det var "butikker" over alt, d.v.s varene lå enten på gata eller det var en liten butikk eller et skur med alle mulige sorter varer. I Gulu var det ikke en butikk for en sort varer og en for en annen sort. Man måtte gå og spørre i alle butikker om de hadde det man skulle ha, sukker, radioer, plastikk-kopper eller såpe i en skjønn forening.



Barna skiller hvite og brune bønner til lunsjmåltidet ved 14-tiden.

Om kveldene visste vi aldri om vi kom til å ha elektrisitet. Det var ikke noen plan over dette. De kveldene de sparte på strømmen, måtte vi sitte i lyset fra en fjøslykt. Etter ca. en måneds lesing i dette lyset var øynene mine så dårlige at jeg forsto at jeg bare kunne arbeide om dagen i dagslys. Dette førte til at jeg ofte gikk og la meg ved 21. tida. Klokka 22 hørte jeg som oftest på Utenlandssendinga fra Norge. Om natta hadde jeg vaktmann utenfor huset mitt. Han kom ved 18-tida og gikk ca. kl 07. Han hadde ladd gevær og hadde ordre om å skyte om noen som ikke skulle være der, kom inn på gardsplassen.

Hver kveld kom kona til vaktmannen med mat til han. Hun bar den som en stor bylt på hodet. De satt ved enden av huset, spiste og skravlet, før hun med hurtige skritt gikk hjem til barna deres. Han måtte passe på meg hele natta.

Fred er ikke bare fråvær fra krig, men fred er å skape

Mange kan vel med rette spørre seg; hvordan kan en person fra Norge hjelpe til i et så forskjellig miljø. Mitt arbeid var å få barns behov på dagsorden. Sjøl om dette prosjektet var et barnefokustert prosjekt, var det allikevel mye å ta fatt i. Også for folk i Gulu var det en uvant situasjon å måtte ta i mot barn som hadde opplevd så mye grusomt. Staben og jeg hadde mange fine og interessante diskusjoner. For eksempel diskuterte vi om barna bare skulle

bli tilbudt samtale i grupper i løpet av de første dagene etter at de var kommet til senteret, eller om de burde få mulig-het til å snakke alene med en sosialarbeider. Jeg måtte ofte virkelig gå i meg sjøl og prøve å finne ut hva vår vestlige litteratur sier om behovene som barn har etter vanskelige situasjoner, men også stille spørsmålet om denne teorien passet inn i det miljøet disse barna befant seg. Det å tenke barns behov spesifikt, var i seg selv en noe ny situasjon for dem jeg underviste. Mitt arbeid var å komme med forslag, ideer og stille spørsmål. Det var prosjektmedarbeiderne som skulle velge veien videre for prosjektet. Et av Redd Barnas hovedprinsipp er å understreke medvirkning. Dette var viktig, for i Uganda er det tradisjon for at lederen, i dette tilfelle prosjektlederen, har all makt. Også barna på senteret skulle ha medinnflytelse på sin hverdag. Det ble gitt flere tilbud for å hjelpe barna å bearbeide sorg og bli kvitt f.eks. mareritt. Barna tegnet, dramatiserte, danset, hadde gruppesamtaler om mange temaer som var viktige for dem å drøfte. De var med i det daglige, praktiske arbeidet på senteret, slik at livet så smått kunne komme i gjenget igjen. Jeg mastet endelig om å få en bedre struktur på arbeidsoppgåvene på senteret. Jeg foreslo blant annet at personalet burde ha samarbeidsmøter, der det ble gitt gjensidig informasjon. Dette var det svært vanskelig å få til. Møtetid og det å være presis var vanskelige områder. Jeg er ikke akkurat den mest presise her hjemme, men nå har jeg funnet mine overmenn. Jeg ventet og ventet. Jeg holdt allikevel på at samarbeid var viktig.

17

barn kan ha etter slike ekstreme påkjenninger. I mange landsbyer hadde de det de kalte for "traditional cleansing". Da slaktet de en geit, hadde en seremoni hvor hele landsbyen deltok og manet alt ondt ut av barnet som tidligere hadde vært rebell. Da ble han eller hun tatt tilbake som et landsbymedlem igjen. Men det viste seg at det trengtes mye oppfølging, særlig på skolene. Vi hadde kurs og møter med lærerne om takling av mobbing, tiltak i forhold til utagerende atferd, som disse barna ofte hadde etter at de kom igjen.

Kjære Årbok. Det er mye jeg kunne fortalt, mye som vi her i Norge ville syntes var veldig rart, kanskje dumt og primitivt. Men det er også mange opplevelser som gir ettertanke, f.eks bruk av tid. Hva skjer med vårt samfunn når alt skal gå fortere og fortere? Hva skjer med oss som mennesker når vi alltid må skynde oss, nå ferger og møter? Ja, mange av mine inngrodde vaner måtte opp til drøfting. Er det allikevel bedre å ha litt tid, men ikke ha alle godene vi har? Det jeg så, var mange glade

Det at alle som jobbet på senteret var bevisst på hva som var deres jobb og også hva som var de andres. Barna skulle også vite dette. Kort sagt, det måtte bygges opp en teamfølelse både hos voksegruppen og hos barna, men også dem i mellom. Det som gjorde at jeg ikke ga opp å få dette til, var at jeg så at mangel på oversikt forvirret barna. Jeg er overbevist om at rutiner og forutsigbarhet er viktige elementer i prosessen for å bygge opp tillit og trygghet.


I arbeidet for å finne foreldre eller slektninger, kom vi ut for mange hindringer. I forhold til mange andre steder i verden, var vi allikevel heldige. For alle som arbeidet på senteret visste av noen som visste av noen som kunne hjelpe oss til å finne nær familie eller slekt. Det kom ofte folk for å spørre om deres barn (som kanskje hadde vært borte i flere år) var kommet til senteret, d.v.s om de hadde klart å rømme. Det var rørende hver gang vi kunne fortelle dem at ja, han eller hun har nettopp kommet. I blant kunne barna på senteret fortelle foreldre, som kom for å lete etter barna sine, at de hadde møtt dem i bushen og at han eller hun i alle fall levde da. For å få en best mulig tilbakeføring, tok vi kontakt med landsbyledere, familien og naboene. Vi forklarte dem hva barnet hadde gått i gjennom. Alt som hadde skjedd av grusomheter, hadde de gjort av frykt for å dø sjøl. Vi ga opplysninger om hvilke plager og problem

mennesker, ikke fordi de hadde det særlig godt, etter det vi har satt som målestokk, men de var utrolig flinke til å glede seg over små, dagligdagse episoder, glede seg sammen med dem som sto dem nær. Barna deres hadde lært å klare seg mye sjøl. Det er etter min mening helt sikkert at veldig få norske ungdom-mer ville ha klart den påkjenningen som de ungdommene fra Nord Uganda hadde klart. Jeg er bekymret for hvordan det vil gå med dem, hvilke langtidsvirkninger opplevelsene i bushen vil gi. Fokuseringen på deres ve og vel vil bli veldig viktig i årene framover.

Sykkylven, 22. 09.99

Hilsen

Karen Elise Matheson



Flott, sterk ungdom, med en fortid de ski

18

Ps. Jeg har nettopp fått vite at det kan være en sjanse for at Uganda, regjeringen i Sør- Sudan og rebellene, vil inngå en avtale om å stoppe plyndringene i Nord-Uganda. Red Barnet, Danmark har bedt meg reise til Uganda så fort som mulig, for sammen med andre hjelpeorganisasjoner å lage en plan for tilbakesending av alle de tusen barn som nå kan komme tilbake til Uganda. Det skal også lages en plan over hvordan barna kan hjelpes ute i sine egne landsbyer. Det arbeidet som nå vil bli gjort fra alle parter, vil forhåpentligvis være med på å legge grunnlaget for en julefeiring uten frykt, den første på 13 år. Jeg vil gå enda lenger i mitt håp; et håp om varig fred.

D.S.

Årskavalkade


Året som har gått har vore prega av både store og små hendingar kring om i bygdelaga i Sykkylven. I denne biletkavalkaden har vi freista å plukke fram nokre glimt frå Sykkylvsbladet sitt fotoarkiv.



ISFISKE: Forholda for isfiske på Fetvatnet var fine før mildveret kom og reiste med isen i midten av januar. Her ser vi Arnt Tore Røe prøve fiskelukka etter røyr. (Foto: Ole Jostein Fet)



VINTERFESTIVAL: Den første vinterfestivalen i Sykkylven gjekk av stabelen i slutten av februar. Eit av dei store trekkplastera under ungdomsfestivalen var rap-gruppa Warlocks, som hadde konsert i Storhallen. (Foto: Ole Jostein Fet)



BRUA: Arbeidet med Sykkylvsbrua har skote fart utover hausten. Slik såg brua ut i slutten av august, då Statens Vegvesen inviterte pressa til omvisning. (Foto: Øyvind Utgård)



KRAFTIG VIND: Heller ikkje i vinter slapp vi unna dei kraftige vindbygene. I månadsskiftet januar-februar måtte ein av trailerbilane til Emdals gi tapt for naturkreftene. Bilen bles av vegen like ved ferjekaia på Aursnes. (Foto: Øyvind Utgård)



UTGRAVINGAR: I januar grov Søren Diinhof frå Universitetet i Bergen fram vikingtidshistorie på Vik. Mellom anna vart det funne ei kvinnegrav frå 700-talet, der det òg vart funne glasperler frå vakre kvinnesmykke. (Foto: Nils-Einar Rye)





kade



Eldar Høidal er historikar ved Norsk Møbelfagleg Senter. Han er leiar i Sykkylven Sogenemnd.

Sykkylven vidaregåande skule 25 år av Eldar Høidal

Sykkylven vidaregåande skule vart oppretta i 1974 gjennom eit sterkt lokalt engasjement og kløktig bruk av gode alliansar, også på nasjonalt nivå. Skulebyggaren framfor nokon var inspektør ved ungdomsskulen, seinare rektor og sku-lesjef, Ola Longva. Historikar Eldar Høidal har skrivne bok om dei første 25 åra til skulen. I denne artikkelen får vi mellom anna lese om bakgrunnen for at skulen vart etablert.

I 1960- og 70-åra vart det meir og meir vanleg å ta vidaregåande utdanning. Det skjedde, nærast ein utdanningseksplasjon i desse åra, noko ein kan vise med følgjande tal: Elevtalet i gymnasiet vart femdobla på landsbasis frå 1950 til 1970. Elevtalet på fag- og yrkesskular auka frå kring 5000 til 7000 frå 1960 til 1970. Utviklinga var ikkje annleis i Møre og Romsdal: Talet på gymnasiastar i fylket var 450 i skuleåret 1950/51, 1000 i 1960/61 og 2500 i 1970/71.

Dei sykkylvsungdomane som ønskte å ta vidaregåande utdanning, måtte anten reise til Volda eller til Ålesund. Utover i 60-åra var det fleire som byrja å snakke om at det no var på tide å arbeide for ein vidaregåande skule i kommunen. Gymnasiasten Erling Ekornes skreiv eit innlegg om dette i Sykkylvsbladet i 1966. "Sykkylvsbygda vert tappa både for kjøpekraft og andsevner når utdanningsøkjande ungdom må reise ut av bygda for å skaffe seg vidaregåande utdanning," hevda Ekornes. Det var ikkje vanskeleg å føre prov for denne påstanden. Ungdom som reiste ut av bygda som 16-åringar for å gå på vidaregåande skule, var tapte for bygda i ein treårsperiode. Mange søkte også høgare utdanning, og for dei fleste av desse var det vanskeleg å finne høveleg arbeid i heimbygda.

Dei første spede planane om ei vidaregåande utdanning i Sykkylven gjaldt ei tradisjonell gymnasutdanning. I 1964 tok Sykkylven kommune, ved Ola Longva, kontakt, med Folkeuniversitetet i Ålesund for å få undersøkt vilkåra for etablering av eit gymnastilbod gjennom brev- og støtteundervisning. Parallelt med dette arbeide Sykkylven Industrilag med planane for å få til ei yrkesretta utdanning meint for den lokale møbelindustrien. Det gjaldt eit tapet-serarkurs som skulle organiserast som eit tiande år etter den obligatoriske 9-årige skulen.

i?~

Elevane som tok til ved allmenfaglinja i 1974 måtte



ta siste to åra ved Stranda vidaregåande skule. Dette protesterte elevane mot under 17.maifeiringa i 1975. (Faksimile frå Sunnmøre Arbeideravis)

Det vart ikkje noko av desse initiativa, men dei er likevel viktige, for dei synleggjorde at det var ei erkjenning av at Sykkylven no måtte plassere seg på kartet for å vere med på den utviklinga som skjedde elles i samfunnet når det gjaldt veksten av utdanningstilbod. Ei bygd som ikkje hadde utdanningsplassar for ungdom over 16 år, kunne lett hamne på defensiven, og det var ikkje likt ei industrikommune som hadde nasjonale og internasjonale ambisjonar. Det var difor natuleg at dei som ivra for ein vidaregåande skule i Sykkylven såg for seg ein kombinasjonsskule med både yrkesfaglege og allmenne linjer.

Samarbeid med Stranda?

Også dette var trekk som låg i tida. Den såkalla Steen-komiteen var i arbeid frå seint i 60-åra. Grunn tanken i komiteen sine skulevisjonar var at ein måtte byggje bru over den kløfta som tidlegare hadde vore mellom yrkesfaga og dei teoretiske allmennfaga, mellom yrkesskular og gymnas.



I det nye tilbygget til ungdomskulen som stod ferdig i 1974, fekk dei fleste klassene ved den videregående skulen plass dei to første åra i skulen si sogje.

Det var også undervisning i i gamle Aure skule og på Samfunnshuset.

utstyrs-kostnader. Dette ville vere eit

Bak dette synet låg både eit demokratisk perspektiv og ei reell kompetanseorientering. I det demokratiske perspektivet låg at ein ville ha vekk den nedvurderinga som hadde hefta ved yrkesskulane. For mange var det meir status knytt til ei utdanning ved gymnasa. - Dei som hadde tungt for det, dei som ikkje hadde ambisjonar om å stige på den sosiale stigen, gjekk på yrkesskular. Dette var ei utbreidd oppfatning. I tillegg var det auka krav til kunnskap i alle felt av arbeidslivet. Nye materialar vart tekne i bruk i industrien, ny teknologi endra arbeidsdagen, til dømes den nye datateknologien. Ein såg for seg at industrien var avhengig av arbeidskraft som kunne setjast til forskjellige oppgåver, arbeidarar som var fleksible og kunnskapsrike nok til å gå inn på område der etterspurnaden til ei kvar tid var størst. Det var slike tankar som i 1971 kom fram i ei utvals-utreiing i møbelindustrien. Utvalet hadde sykkyllvingen Jens Petter Ekornes som leiar, og utreiingsarbeidet resulterte i opplæringsorganisasjonen URMI (Utdanningsrådet for Møbel- og Innredningsindustrien): "...en rekke faktorer peker klart i retning av krav om bedre utdanning av de som sysselsettes, både generelt og innen de spesialområder som etter hvert oppstår. Blant faktorene kan pekes på den store teknologiske innsats som eliminerer eller reduserer behovet for hjelpearbeide, - men som medfører større krav til forståelse og innsikt hos den enkelte sysselsatte."

Skulepådrivarane i Sykkylven såg **at dersom ein kunne etablere tett kontakt** med det lokale næringslivet, slik at ein del av undervisninga kunne leggjast til bedriftene, så ville skulen få redusert sine

viktig argument andsynes løyvande og godkjennande styresmakter. Ein kunne også vise styresmaktene at det var ei sterk lokal vilje å få til eit vidaregåande opplæringstilbod på brei basis. Men det var mange skjer i sjøen enno.

For å få etablert ein vidaregåande skule måtte ein mellom anna vinne fram med argumentasjonen på fylkeskommunalt hald. Det var fylkeskommunen som vedtok kvar dei forskjellige vidaregåande skulane skulle vere og kva slags tilbod dei skulle ha. På fylkesplan såg dei med ein viss skepsis på planane frå Sykkylven om ein fullverdig vidaregåande skule med både yrkesfag og allmennfag til topps, det vil seie eit treårig allmennfagleg utdanningsløp. I fylkeskommunen var det seint i 60-åra planar om å utvikle einskilte kommunar til regionsenter. I vår region var det Stranda som skulle vere senteret. Fylkeskommunen meinte såleis at det var denne kommunen som skulle ha fulle studietilbod innan allmennfag. Stranda låg geografisk mest sentralt i regionen. Sykkylvingane ville då få tilbod om ei allmennfagleg utdanning både på Stranda og i Ålesund, i tillegg til Volda, og då skulle trongen vere stetta. Det var skepsis hos skuleplanleggarane mot å etablere for små skulemiljø, ein var redd for at det faglege tilbodet ville bli for svakt og at læringsmiljøet ville bli lite stimulerande både for elevar og lærarar.

Samarbeid med forskarar

Sykkylvingane hadde ikkje i sinne å gje seg på halvvegen. Det vart søkt etter eit samarbeid med Stranda, slik at begge kommunane kunne få tilfredsstilt sine ønske. Eit slikt samarbeid var også i interessene til fylkeskommunen,

Nokre elevar frå det første ordinære russekullet ved Sykkylven vidaregåande skule, våren 1980.

men i Molde tenkte ein seg likevel ei anna oppgåvefordeling enn sykkylvingane såg føre seg.

Det gjekk ikkje lang tid før det kom fram visse motsetningar i samarbeidet mellom nabokommunane. Karstein Blindheim frå Sykkylven Høgre, eit parti som heile tida hadde vore i fremste line i skulekampen, uttrykker stemninga slik: "Vi var som deltakarane i ei idrettstevling. Det var om å gjere å kome i best mogeleg posisjon før målstreken, slik at ein kunne sette inn eit rykk på det rette tids-punktet."

Rykket var det skulestrategen Ola Longva som tok opp-taket til. I virket sitt som inspektør ved ungdomsskulen hadde han hatt eit samarbeid med Forsøksrådet for skule-verket i Oslo. Forsøksrådet var ope for nye skulemodellar, nye måtar å fremje samarbeidet mellom yrkeslivet og skulen på, til dømes. Det var nett slike tankar som var i ferd med å mogne i Sykkylven. Det vart sett opp spennande modellar og skjema for korleis ei slik forsøksbasert opplæring skulle organiserast. Som nemnt var det tanken at ein del av opplæringa skulle skje ute i bedriftene. Det gjaldt både i møbelindustrien, i mekaniske bedrifter og handels-, og servicebedrifter. Ein ønskte å bryte ned det tette skottet som hadde vore mellom vidaregåande opplæring og yrkes-livet. Elevane skulle etter utdanninga si ut i arbeidslivet, då var det ønskjeleg at dei var best mogeleg rusta til å løyse dei oppgåvene som venta. Praksisperiodane skulle veksle mellom teoribolkar, då dei skulle lære å setje bedriftene inn i ein større samfunnsmessig



samanheng. Slik skulle elevar

både i allmennfaglege og yrkesfaglege linjer formast til aktive og samfunnsengasjerte menneske som tok del både i skapande næringsverksemd og i samfunnslivet elles, både politisk og kulturelt. Desse tankane vart utvikla vidare i eit samarbeid med Arbeidsforskningsinstituttet i Oslo, som Ola Longva og dei andre skulebyggerane fekk i stand. Arbeidsforskningsinstituttet tok med glede i mot invitasjo–nen om eit samarbeid med sykkylvingane. Dei var i Sykkylven ved fleire høve og sykkylvingane var i Oslo på møte. Slik vart det lagt planar for ein relativt nyskapande og radikal skulemodell, der skule og lokalmiljø skulle vere éin stor læringsarena for unge sykkylvingar.

Spreidd undervisning

Det var med stor spenning dei skuleinteresserte i Sykkylven såg fram mot fylkesplanen for dei vidaregåande skulane som vart gjort delvis kjent i 1971.1 den gjekk det fram at Sykkylven kommune skulle få ein vidaregåande skule, men sigeren var berre halv. Skulen skulle ha yrkesfaglege grunnkurs innan husstell, saum, handelsfag og mekaniske fag og eit første år i allmennfag. Dei to følgjande åra måtte allmenfagelevane ta på Stranda. Eldsjelene registrerte at dette berre var ein halv siger, ein hadde ikkje tenkt å gje seg før det vart eit treårig allmennfagtilbod i Sykkylven. På dei lokale reaksjonane kunne det verke som om mismotet over at det ikkje vart ein fullverdig allmennfagleg skule var stør–re enn det mismotet som vart følt over at det ikkje vart noko tilbod retta inn mot møbelindustrien, den heilt sentrale næringa i kommunen. Eit møbelfagleg kurs hadde vore framme i planane i startfasen, men etter kvart hadde

det falle vekk fordi det viste seg vanskeleg å få til godkjende fagplanar i tida fram til planlagt skulestart og fordi det vanta læremateriell. Det skulle gå mange år før eit grunn-kurstilbod i tapetserar- og snikkarfag kom på plass ved skulen. Det skjedde først i 1994, i samband med innføringa av Reform -94. Møbelbedriftene måtte lenge ta hand om opp-læringsoppgåvene sjølve, og det ordna dei greitt; for det gjekk nok lenger tid enn mange tenkte å bli kvitt dei einsformige og enkle arbeidsoppgåvene i seriebasert akkordarbeid i industrien.

Det var ein stor dag i Sykkylven då det kunne inviterast til opning av Sykkylven vidaregåande skule midt i august 1974. Første rektoren, Gudmund Solstad, hadde då så vidt fått setje seg inn i tankane bak den nye skulen han skulle leie. Det same gjaldt lærarane, som for størstedelen hadde sin bakgrunn frå tradisjonell vidaregåande opplæring.

Den første tida måtte skulen halde til i leigde lokale, og undervisninga var spreidd. Husstellelevane heldt til i eit nybygg til ungdomsskulen, der skulekontoret har plass i dag. Her vart det også rom for mekanikarelelevane, linjene for kontorfag og allmennfag. Også den vesle administrasjonen hadde tilhald her. Elevane ved kjole- og drakt-saumlinja heldt til i nyinnreidde lokale på Aure gamle skule. I tillegg vart det nytta rom i samfunnshuset til undervisning.

Forsoning

Kampfassen var enno ikkje over. Skulen hadde som nemnt berre fått tildelt eit allmennfagår, og det var noko mindre enn mange i Sykkylven ønskte. Tidlegare i skule-etableringa var det ei handfull personar som hadde kjempa fram skulesaka; Ola Longva med god hjelp frå støttespelarar i det politiske miljøet og i kommunestyringa ellers. Etter at skulen var etablert, hadde heile bygda fått eit anna eigartilhøve til han. Det var difor imponerende stor oppslutning om underskriftaksjonen til støtte for kravet om andre og tredje året allmennfag ved skulen i 1975. Av 3708 røysteføre skreiv 2899 under på oppropet. Fylkeskommunen meinte likevel at sykkylvingane måtte vente enno ei tid.

Då tok dei igjen skeia i eiga hand. Det vart etablert kontakt med den lokale avdelinga av Folkeuniversitetet, som tok på seg å organisere undervisning for elevane som skulle ta til i andre allmennfagklasse frå hausten 1975. Fylkeskommunen såg på tiltaket som ei klar tilsidesetting av fylkeskommunale vedtak og offisielle skuleplanar og kalla dåverande rektor Willy Sørvang inn på teppet i Molde. Sørvang viste berre til Folkeuniversitetet som stod som formell tilskipar av allmennfagkurset. Han kunne ikkje rå for at eit slikt tilbod vart gjeve! Skulebyråkratane i Molde var på det tidspunktet ikkje heilt nøgde med utviklinga i

Sykkylven. Dei meinte at ein tok seg vel mykje til rette.



Under open dag-arrangementa, som vert skipa til kvart år, får ungdomsskuleelevar og bygdefolk elles høve til å bli nærare kjent med skulen. Herfrå Open dag i 1992. Fysikkelevar utvekslar elektriske handtrykk.

Eventuelle vonde kjensler såg likevel ut til å vere vekke då skulesjef Odd Kvilekval var hovudgjest under den formelle opninga av det første byggesteget til skulen i 1981. Truleg hjalp det til å betre kjemien mellom administrasjonen i Molde og skulen i Sykkylven at Øyvind Østvik vart tilsett som ny rektor frå hausten 1977. Han hadde tidlegare vore tilsett hos fylkesskulesjefen og kjende til dei spelereglane som gjaldt der. At Østvik i heile sitt virke har lagt vekt på å følgje rette saksprosedyrer, indikerer likevel ikkje at han ikkje har hatt eit ihuga ønskje om å utvikle skulen i Sykkylven til ein tenleg utdanningsinstitusjon for sykkylvs-samfunnet. Det indikerer heller at skulen frå 1977/78 gjekk inn i ein rolegare periode, der ein kunne konsentrere seg om den vanlege drifta. Frå 1978 kunne skulen elles tilby allmennfagleg utdanning i tre år etter fylkeskommunal godkjenning.

Ideal og røyndom

Kva vart det så til med forsøksskulen? Sjølv om det var eit ærleg ønske hos fleire i Sykkylven om å skape ein skule som kunne tilføre vidaregåande opplæring noko nytt, viste det seg snart at utdanninga fall inn i eit nokså tradisjonelt spor. Det kunne ha mange årsaker. Som nemnt kom dei som skulle drive skulen, rektor og lærarar frå tradisjonelle skular. Dei hadde fått lite tid til å setje seg inn i det nye ved forsøksopplegget. I tillegg kom dei praktiske vanskaner: Undervisninga var spreidd over mange lokale, samhandlinga i skulemiljøet måtte derfor blir noko mangelfull. Elevane kom til å halde seg til sine klasser store delar av skuledagen, den ønskte integreringa mellom yrkes- og all-mennfagelevar møtte såleis praktiske vanskar. Det var også problematisk å gjennomføre den bedriftsbaserte opplæringa. Sjølv om leiarane ved bedriftene hadde signalisert

vilje til å vere med på opplegget, hjalp det lite når tanken bak det i liten grad var kommunisert ut til produksjonsnivåa i bedriftene der den praktiske opplæringa skulle skje. Arbeidarane hadde elles lite tid til oppfølging av elevane. I periodar var det svært hektisk i fabrikkmiljøet. Særleg haustane var det lange ordrelister som skulle effektuerast. Naudsynte oppgåver måtte prioriterast. Så vart det gjerne til at elevane vart sett til enkle oppgåver som ikkje trong mykje oppfølging frå dei tilsette. Endskapen på dette for elevane i mekaniske fag vart at skulen måtte skaffe seg maskiner og montere dei i kjellaren på ungdomsskuletil-bygget. På denne måten vart det enklare for fagansvarleg å sjå til at elevane faktisk fekk den opplæringa dei skulle ha. Elles vil det alltid vere slik at fagplanar og pensumkrav stiller krav til ein viss progresjon i skulekvardagen. Det vart også ved Sykkylven vidaregåande skule mindre rom enn ønskeleg kunne ha vore til eigne lokaltilpassa undervisningsopplegg. Skulen hadde ideelle ambisjonar, men vart snart henta inn av røyndomen.

På lag med næringslivet

Hovudsatsingsfeltet for skulen gjennom 80-åra vart å styrke kontakten med det lokale næringslivet, og det var her rektor Øyvind Østvik kom til å leggje ned ein banebrytande innsats. Det vart tallause møte mellom skulen sine representantar, næringslivsfolk og skuleadministrasjonen i Molde. Det første konkrete resultatet av denne innsatsen var etableringa av Teknisk fagskule i 1985. Tilbodet hadde i utgangspunktet eit vidt industrielt siktemål, men kom etter kvart til å vinklast meir inn mot behova til møbelindustrien. Det var mellomleiarar som skulle utdannast ved denne linja. Parallelt med arbeidet for å få til den tekniske fagskulen, arbeidde skuleadministrasjonen med tankane om å få til eit kompetansesenter for møbelindustrien. Eit slikt senter hadde lege i fylkeskommunale planar i ei årrekke, utan at det skjedde nemnande framdrift i saka. Gjennom tolmodig utgreiingsarbeid, og etablering av alliansar med det lokale næringslivet, greidde skulen å få realisert eit senter i 1993. Ressurssenteret skulle stå til teneste for heile næringslivet i kommunane Stranda, Sykkylven, Norddal og Stordal, og det var dei vidaregåande skulane sine lokale og lærerkrefter som skulle vere basisen i senteret.

Dette viste seg å vere eit svært godt grep for å fremje utviklinga til skulen generelt. Etter at det første byggjesteget til skulen stod ferdig etter to byggetappar i 1979, skjedde det ikkje noko på byggsida på over ti år, bortsett frå at kommunen bygde to klasserom for Teknisk fagskule i 1985. Skulen

hadde då auka elevtalet sterkt og det hadde kome til fleire klassar og studietilbod. Romsituasjonen var prekær, men enno kring 1990 stod SVS eit godt stykke nede på dei fylkeskommunale prioriteringslistene for skuleutviding.

Det vart difor eit viktig og nødvendig løft for heile



Lærer og elevar ved saumlinja på den vidaregåande skulen i 1975.

skulen då eigarane av det som vart kalla Kompetansebygg Å/S -lokale bedrifter, organisasjonar og privatpersonar -bestemte at det skulle først opp eit nybygg på skulen. Det stod ferdig i 1992 og vart opna av statsråd Gudmund Hernes. I nybygget fekk senteret sin administrasjon plass, i tillegg vart det kursrom og plass til ein del av skulen sine øvrige aktivitetar. Seinare har det vorte to utbyggingsetap-per til, det siste av desse er under slutføring hausten 1999. Det er det tette hopehavet mellom skulen og det lokale næringslivet og kommunane rundt om som har sørga for at Sykkylven vidaregåande skule i dag har ei tenleg bygningsmasse, som gjer at undervisninga kan organiserast på ein effektiv måte. Bygningsutvidingane har også gjeve plass til grunnkurs og VK-tilbod i møbelfag. Det må difor vere rett å seie at den integrasjonen mellom skulen og næringslivet som skulen var basert på frå først av, først dei siste åra har blitt fullt realisert.

Soga om Sykkylven vidaregåande skule er elles soga om kva eit lokalsamfunn kan få til, berre visjonane er dristige og viljekrafta sterk nok.



Elevar ved maskin- og mekanikarlinja i 1975. Denne linja har vore eit populært tilbod ved skulen frå starten og heilt fram til i dag.



Jostein Drabløs fortel i denne artikkelen om den gamle steinkolvingsbraa på Fet. Drabløs er fødd i 1925 og har vore lærar, inspek tør og rektor ved Sykkylven ungdomsskule. Ian har i ei årekkje samla munnlege minne om folk og hendingar i gamle dagar. Denne artikkelen er i stor mon tufta på hendingar som Oddrun Drabløs har fortalt om. Ho vart fødd i Jømgarden på Fet i 1918.

Den gamle Fitjabrua

av Jostein Drabløs

r Garden Fet i Velledalen er ein gamal gard. I alle tider har folket på Fet kjempa mot Flaum og vasskadar. Storeelva fløynde over mest kvar ein haust Fitjaelva, som fossar like ovan i garden, truga no og då med å ta nytt far og øydeleggje hus og jordveg.

Fitjafolket hadde to vad der ein pla krysse Storelva i farne år. Med hest og vogn (eller slede) kunne ein forsere elva og møte bygdevegen på Gjerdhaugen, der vårfjøsane til Dravlaus stod.

Det andre vadet låg på hi sida av dalen. I eldre tid vart dette vadet nytta når folket på Fet skulle slå grasvollane på Dravlaussida, eller når ferda gjekk fram i dalen eller til seters. Der låg ein eldgamal køyreveg framover bøane til Dravlaus og Velle. Vegen vart kalla Fitjavegen.

Bru over elva


I dei siste tiåra på 1800-talet var den vidgjetne Brunstad-Magnus i gang med å byggje solide kolvingsbruer av grå

stein. Magnus var ein einar på området. Fitjafolket tok til å leike med tanken om ei bru over Storelva. I april 1878 var loddet kasta. Fitjagarden trong bru, koste kva det koste ville. Søknad om tilskot vart send til kommunestyret, som fram til 1883 representerte kyrkjesokna Ørskog og Sykkylven.

Under sak 3 frå møtet den 23. april kan ein lese i protokollen: "Åndragende fra Opsiddere paa Gaarden Fedt angaaende Bidrag af Kommunen til Opførelse af en Bro over Velledalselven mellem Gaardene Fedt og Drabløs. Andragendet var ledsaget med Ånbefalinger fra Sognepræsten, Lendsmanden og Skolelæreren, hvilke samtlige Sagen vedkommende Documenter refereredes.

Eenstemmig Beslutning:

Forsaavidt Opsidderne paa Gaarden Fedt opfører en brug-bar og af tvende mænd af kommunebestyrelsen valgte Mænd anerkjendt Kjørebro over Fedtelven tilstaaes af Ørskougs Kommunekasse et Bidrag en gang for Alle stort 120-etHundrede og Tyve-Kroner. Det bemærkes at ved



Fotografiet av Fitjabrua viser dei tre kolvingane. I bakgrunnen ser vi garden Dravlaus og Regndalstindane. Fotografert av professor Hale, Oxford University Engiand i i 902.

